

Hordaland Fylkeskommune

hfk@hfk.no

2017/14135

Vår dato

28. april 2018

Vår referanse

AM/DL

HØYRINGSINNSPEL TEMAPLAN FOR LANDBRUK I HORDALAND

Me viser til høyringsside med utkast til templan for landbruk på hordaland.no. Fikse næringsutvikling representerer næringslivet i Etne på tvers av bransjar, og som ein av dei største landbrukskommunane i Hordaland er næringa i seg sjølv ein viktig bransje, i tillegg til ringverknadane den har i på andre bransjar. Som supplement til bransjeorganisasjonane sine eigne innspele ønskjer me peika på nokre tema i planen:

- Areal og ressursgrunnlag
 - Det er viktig med vern av dyrka og dyrkbar jord og me støttar innstramming på nedbygging av dette. Me saknar likevel ein differensiert politikk på dette utover kva areal som er LNF-område, altså ei vektlegging av kva areal som faktisk er/kan nyttast til matproduksjon. Me meinar også krav til nydyrkning/erstatningsareal er eit virkemiddel ein bør sjå på der det faktisk skjer nedbygging. Me er klar over at nydyrka jord ikkje har same kvalitet/produktivitet, men dette kan kompenserast med eit høgare høvestal enn 1:1.
 - Me oppfattar at planen omfattar bruk av leigejord først og fremst som eit problem, som bl.a. fører til kortsiktig planlegging og lågare investeringar. Me er samde i at kortsiktige leigeavtalar kan redusera investeringsviljen, men leige av areal i seg sjølv meinar me i mange tilfelle vil binda opp mindre kapital og vera ei betre økonomisk løysing for bonden enn kjøp av areal.
- Bioøkonomi skal vera eit satsingsområde i Hordaland, der landbruket vil vera ein sentral aktør særleg innan produksjon av biogass. Me stussar litt på at biogass i så liten grad er ein del av tempaplan landbruk og meinar dette er eit tema som bør løftast i betydeleg grad.
- Me slår eit slag for enno større grad av differensiering av rammevilkår i landbruket, særleg ut frå dei ulike naturgitte føresetnadane. I enkelte område bør ein halda fram effektivisering og henta ut meir stordriftsfordelar, medan andre område i enno større grad bør få kompensert vanskelegare driftsvilkår, blant anna for å halda i hevd naturlandskapet.
- Reiselivet er avhengig av levande lokalsamfunn og jorda i drift for å vera attraktive besøksmål. Ein må halda fram samarbeidet mellom desse næringane, men både landbruket og reiselivet treng folk i fulltidsstillingar for å utvikla produkt og kompetanse.

- Lokalmat blir stadig viktigare for landbruket, og ein bør jobba for å betra salgsarenaer for dette, både eigne og i ei kjededominert daglegvarebransje.



Asbjørn Moe

Fikse Næringsutvikling SA

Om Fikse Næringsutvikling

Fikse Næringsutvikling er eit næringsselskap eigd av og jobbar for næringslivet i Vindafjord og Etne, og representerer interessene til 150 medlemsbedrifter i alle bransjar og storleikar, med samla årleg omsetnad på 15 mrd NOK, og 4000 arbeidsplassar.